



Hardangerrådet iks



Hardanger

RÅDSMEDLEMMENE

INNKALLING TIL RÅDSMØTE

Dato: Torsdag 22.03.2018

Klokka 09.00 – 15.00

Stad: Kvam rådhus, Norheimsund

Møteplanen i Hardangerrådet godkjent 14.09.2017 gjeld som møteinnkalling.

Agenda:

09.00 – 11.00 Sakshandsaming

11.00 – 12.00 Bård Sandal, fylkesdirektør regional utvikling, Hordaland fylkeskommune
Aktuelle saker - Dialog og drøfting

12.00 – 13.00 Lunsj

13.00 – 14.00 Årsmøte Hardangerrådet IKS

14.00 – 15.00 Sakshandsaming

Saker til handsaming:

HR-sak 09/18 Saker innmeldte ved starten av møtet. Vert tatt opp under sak 14/18.

HR-sak 10/18 Meldingar

HR-sak 11/18 Regionalt næringsfond Hardanger –
Tilbakeføring av tildelt men ikkje utbetalt prosjektstøtte.

HR-sak 12/18 Hardangerrådet frå 2020 – Mandat for oppstart av fase 2
Drøfting

HR-sak 13/18 Orientering om viktige politiske saker i kvar kommune og i Hordaland
fylkeskommune – Orientering ved kvar ordførar.

HR-sak 14/18 Orienterings- og drøftingssaker

Forfall må meldast Hardangerrådet v/Trude Rinaldo tlf 53 67 14 50
Varamedlemmene møter etter særskild innkalling.

Kinsarvik 15. mars 2018

Hans Petter Thorbjørnsen/s
Rådsordførar

Jostein Eitrheim
Dagleg leiar



Møtedato 22.03.2018	Saksansvarleg Trude Rinaldo
---------------------	-----------------------------

HR-sak 10/18 Meldingar

Melding 1 24.01.2018 Referat frå møte om prosjekt «Travel like the locals» frå NCE Tourism av

Melding 2 07.03.2018. Kopi av brev sendt til statsråd og vegdirektør frå Hardangerviddatunnelen av

Melding 3 Mail om reiselivet i Hardanger frå Hardanger Feriesenter av 06.03.2017

Travel like locals
Melding HR

Rinaldo Trude

Fra: Dag Jarle Aksnes <dag@ncetourism.com>
Sendt: 24. januar 2018 12:30
Til: Mona Haugland Hellesnes; Rinaldo Trude;
jostein.eitrheim@hardangeraadet.no; Hanne Sundbø; Reisemål
Hardangerfjord; liv@ryfylke.com; Randi Klæbo; frode@visitbergen.com;
anne@sognefjord.no; tove.anita.berget@sfj.no; ann-helen@nordfjord.no;
vidar.slettehaug@sunnfjord.no; marit.holen@mrfylke.no;
konrad.lillevevang@mrfylke.no; Mette Nora Sætre; Marta Rongved Dixon;
Per Gunnar Hettervik
Kopi: Odd Harald Aksland; oddmund.sylta@skyss.no; Trond Amland
Emne: Travel Like The Locals
Vedlegg: referat møte 10_jan.pdf

Hei alle sammen.

Takk for sist. Møtet i Bergen 10 januar var engasjerende og påviste både problemstillinger og muligheter i grensesnittet mellom transportørene og reiselivet.

Tilstede på møtet: **Alle som denne mailen er sendt til.**

To klare funn på møtet:

1. Kontakten mellom reiselivet og transportøren er ikke god nok. Dette gjelder for Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. Roller og mandat til transportørene i forhold til reiselivet oppfattes som uklare.
2. "Travel like the locals" handler om å benytte **eksisterende** rutenett på en bedre måte; « fylle flere seter» hele året. Dette vil kunne øke verdiskapningen for både transportørene og reiselivsbransjen.

Veien videre:

1. De respektive fylkeskommunene avholder egne møter med Kringom, Kolumbus og med Skyss (her deltok også NCE T) for å diskutere de problemstillingene som kom frem i møte 10 januar.
2. Målsetningen er at det fylkesvis arrangeres møter mellom transportørselskapet og destinasjonsselskapene. Møtene bør resultere i konkrete - både kortsiktige og langsiktige - planer for bedre utnyttelse av kollektivtilbudet i fylkene. NCE T kan bidra i denne prosessen dersom det er ønskelig, det besluttes fylkesvis.
3. FRAM har vist gode resultater i sitt prosjekt, og de kan være villige til å delta med sin kompetanse og erfaring dersom det er ønskelig for de 3 andre fylkene.

Vedlagt ligger et ytfyllende møtereferat, godt ført i pennen av Marta Rongved Dixon.

Med vennlig hilsen

Dag J. Aksnes
Direktør



NCE Tourism - Fjord Norway

Torggt. 3

NO-5014 BERGEN

Fax: +47 55 30 26 50

Mob.: +47 917 57001

E-mail: dag@ncetourism.com

Web: www.ncetourism.com

KVVU Rv 7 Hardangervidda - Korte tunellar - Start med Lågehætunellen.

1 e-post

Hardangerviddatunnelene <post@hardangerviddatunnelene.no>

7. mars 2018 kl. 13:26

Svar til: post@hardangerviddatunnelene.no

Til: Samferdselsdepartementet Samferdselsminister <postmottak@sd.dep.no>, Vegvesen Vegdirektorat <firmapost@vegvesen.no>, Terje Moe Gustavsen <terje.moe.gustavsen@vegvesen.no>

Kopi: Regionrådet Hallingdal <regionraadet@hallingdal.no>, post@hardangerraadet.no, Anved Johan Tveit <anved-johan.tveit@eidfjord.kommune.no>, Petter Rukke <petter.rukke@hol.kommune.no>

Gode Statsråd og Vegdirektør.

Hardangerviddatunnelene AS er eit selskap eigd av 6 kommunar knytt til Rv 7 Hardangervidda. Målet for selskapet er å arbeida for vintersikker heilårsveg over Rv 7 Hardangervidda ved bygging av tunellar. Vegen bestemt å vera Hovudveg aust-vest for reiseliv og persontrafikk.

Styremøtet den 1. mars 2018 sende i dag ut vedlagde pressemelding. Styret tilrår snarast å byrja tunellarbeidet og starta med Lågehætunellen mellom Halne og Skulevika. Denne er i prioritet 2 i tilrådinga frå Statens vegvesen.

Ber om at Samferdseldepartementet og Vegdirektoratet følgjer opp dette initiativet i samarbeid med fylkekommunane i Hordaland og Buskerud og selskapet IS RV 7.

Vedlagt også statistikk for Årsdøgnstrafikken for Fjellogangane i SørNoreg og diagram som viser utviklinga av trafikken frå 2012-2017, samt eit kart frå Statens vegvesen som viser Konsept 2 (K2) korte tunellar i KVVU for Rv 7 Hardangervidda av 2015.

For meir informasjon kontakt underteikna eller eit av styreleiar Anved Johan Tveit 959 79 910 eller nestleiar Petter Rukke tlf 916 66 610

 For Hardangerviddatunnelene AS
 Leiv Vambheim -dagleg leiar
 tlf 909 44 980

3 vedlegg


Kart K2 Bilde .jpg
 7344K


Pressemelding frå Hardangerviddatunnelene AS 01.03.2018.pdf
 650K


Diagram og statistikk 2017 Fjellogangar i SørNoreg.docx
 32K

 Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til:	
07 MAR 2018		
Saksnr.	Dok.nr.:	Løpenr.:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Melding HR



Rinaldo, Trude <trude.rinaldo@hardangerradet.no>

Samarbeid om reiselivsutvikling i Hardanger

1 e-post

Geirmund Nes <dagligleder@hardangerferiesenter.no>

Til: trude.rinaldo@hardangerradet.no

Hei Trude,

Takk fort interessann samtale idag.
Takk også for di positive innstilling til rettighetsspørsmålet.

Bakgrunn

Eg har bygd opp og drive Hardanger Feriesenter AS i 40 år.
Som veteran i bransjen ser eg lett når det skjer endringar som får følger for oss.
Og det er tilfelle no.

Det spanade er at reservasjonsteknologien har modna slik at den gir oss heilt nye høve til å nå ut med våre produkt i dei internasjonale markeda.

Stikkord her er m.a. nye verktøy for å koordinera dei globale distribusjonskanalane slik at ein får utnytta kapasiten med minimal risiko for overbooking.

Planar

I samarbeid med Næringshagen i Hardanger, og i tråd med interessene til Fylkeskommunen prøver eg å etablere eit interesseforum for kulturbaserte verksemder i Hardanger. Med utgangspunkt i dette samabeidet er eit av måla å skapa eit reservasjonssystem for reiselivet i regionen vår.

Dette arbeidet har alt pågått ei tid, og valet av dei tekniske løysingane er i ferd med å bli avklara.

Samstundes er vi avhengig av ei betre organisering av tilbydarane lokalt for å syta for at den auka trafikken vi kan skaffa også kan koma fleire til nytte.

I tillegg er det trong for eit tettare og meir forpliktande samarbeid med kommunane slik at også dei lokale vertskapspliktene vert ivaretekne på ein betre måte.

Stikkord er heilårsdrift, bærekraft, avklara rollar i samarbeidet, og ei målretta produktutvikling med vekt på våre naturlege styrkar og fortrinn.

Eg forstår at Hardangerrådet også er oppteken av liknande utfordringar.

Eg ser difor fram til ein tettare kontakt, og ønskjer dykk samstundes all lukke med dette viktige arbeidet.


Med vennlig hilsen / Kind regards,

Geirmund Nes

Daglig leder / General Manager

dagligleder@hardangerferiesenter.no

+ 47 984 22 424

 Hardangerrådet iks		
Saksbeh:	Kopi til: 6. mars 2018 kl. 16:49	
07 MAR 2018		
Saksnr.	Dok.nr:	Opprettet:
Videres.til:	Arkivkode:	U.off.S

Melding HR + TH.



Hardanger Feriesenter AS

www.hardangerferiesenter.no

www.hardanger-resort.com



Møtedato 22.03.2018	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

**HR-sak 11/18 Regionalt næringsfond Hardanger –
Tilbakeføring av tildelt men ikkje utbetalt prosjektstøtte.**

Saksvedlegg: Oversikt over prosjektstøtte til prosjekt som ikkje er slutført i samsvar med søknad og tilsegn.

Saksutgreiing:

Hardangerrådet har i perioden frå 2004 til 2014 årleg fått midlar til Regional Næringsutvikling, løyvde av Hordaland fylkeskommune. med grunnlag frå Statsbudsjettet kap 551 post 60.

Hardangerrådet har teke ansvaret for forvaltninga av midlane og kalla det Regionalt Næringsfond Hardanger(RNH).

I samband med tildelingar av midlar gjennom RNH har det vorte gjeve informasjon om vilkåra for tilsegn av midlar gjennom fondet. I desse vilkåra går m.a. fram:

Tilsegn om fondsmidlar frå RNH skal normalt trekkjast inn etter 18 månader, dersom tiltaket ikkje er starta opp. Før utbetaling skal søkjar dokumentera fullfinansiering.

Tildelte midlar kan krevjast tilbakebetalte dersom dei ikkje er nytta etter føresetnadene i søknaden.

Vedlagte prosjektoversikt syner status ift. saldo vedr. tildelte og ikkje utbetalte midlar frå RNH.

Saksvurdering:

Administrasjonen føreslår slik tilbakeføring til fondet:

Igangsette prosjekt med tilsagn som ikkje er ferdige har me vore tolmodige med, men no har tida gått ifrå dei og dei vert føreslege trekte inn.

Status for påbyrja prosjekt med restløyving som vert føreslege tilbakeført til fondet:

Tilsegn 36/10 EuroLED	25.000 kr
Tilsegn 08/11 Hardanger PinUps	15.000 kr
Tilsegn 23/11 Utvikling ved folgefonnntunnelen	100.000 kr
Tilsegn 38/11 Ekkjetunet gardsbakst	13.000 kr
Tilsegn 24/12 Buer Gardsturisme	37 500 kr
Tilsegn 28/13 Vannsportpark i Jondal	75.000 kr

Sum: 265.500 kr

Det er ei stund sidan RNH vart avvikla og me har no gått gjennom ikkje påbyrja prosjekt.

Slik er no status for ikkje påbyrja prosjekt som vert føreslege tilbakeført til fondet:

Tilsegn 18/11 Eplemask til ressurs	120.000 kr
Tilsegn 34/12 Torsnes næringseigedom	30.000 kr
Tilsegn 27/14 What camp	50.000 kr
Tilsegn 30/14 Bilmuseum i Kvam	50.000 kr
Tilsegn 18/15 Cyaniden klatresenter	75.000 kr

Sum: **325.000 kr**

Status tilbakeførte tilsagn:

Tilsegn 55/16 Hydrogencase Hardangerkonferansen 2016 **15.000 kr**

Sum udisponerte restmidlar i RNH vil etter tilbakeføring vera 829.657 kr

Framlegg til vedtak:

Desse tilsegna vert trekte inn og tilbakeførte fondet:

Tilsegn 36/10 EuroLED	25.000 kr
Tilsegn 08/11 Hardanger PinUps	15.000 kr
Tilsegn 23/11 Utvikling ved folgefonnntunnellen	100.000 kr
Tilsegn 38/11 Ekkjetunet gardsbakst	13.000 kr
Tilsegn 24/12 Buer Gardsturisme	37 500 kr
Tilsegn 28/13 Vannsportpark i Jondal	75.000 kr
Tilsegn 18/11 Eplemask til ressurs	120.000 kr
Tilsegn 34/12 Torsnes næringseigedom	30.000 kr
Tilsegn 27/14 What camp	50.000 kr
Tilsegn 30/14 Bilmuseum i Kvam	50.000 kr
Tilsegn 18/15 Cyaniden klatresenter	75.000 kr
Tilsegn 55/16 Hydrogencase Hardangerkonferansen 2016	15.000 kr

Sum: **605.500 kr**

Saldoliste leverandører

ZNH

2017

Side 1

Hardangerrådet IKS

23.01.2018 14:18:32

Margaret Hus

Konto: 300000-399999

Periode: 0-12

Kontonr	Navn	Debet	Kredit	Saldo
309000	udisponert næringsfond 2009	75 000,00		75 000,00
310036	EuroLED - oppstart bedrift		-25 000,00	-25 000,00
311008	Merete H Bakke/ Hardanger Pin ups		-15 000,00	-15 000,00
311023	Jondal kommune/Utvikl.ved følgef.tunnellen		-100 000,00	-100 000,00
311038	Ekkjetunet/Gardsbakst		-13 000,00	-13 000,00
312000	Udisponert næringsfond 2012		-1 699 408,36	-1 699 408,36
312018	Hardanger Saft & Siderfabrikk/ Eplesmak til ressur		-120 000,00	-120 000,00
312024	Elisabeth Hauge m fl/Buer Gardsturisme		-37 500,00	-37 500,00
312027	Hard. bade & velvære/Nytt prosjektarbeid		-50 000,00	-50 000,00
313000	Udisponert næringsfond 2013		-85 232,00	-85 232,00
313028	Visitfonna as - Vannsportpark i Jondal		-75 000,00	-75 000,00
313030	Hjeltnes Vidaregåande skule - Fagskule innan matku		-150 000,00	-150 000,00
313031	Masterclass Hardanger		-50 000,00	-50 000,00
313034	Hans-Sigvard Galtung		-30 000,00	-30 000,00
313036	Hardanger Voss Museum		-50 000,00	-50 000,00
313041	Hardangerbadet as - Forprosjekt utvikling		-100 000,00	-100 000,00
314000	udisponert 2014		-122 157,00	-122 157,00
314027	What Camp AS		-50 000,00	-50 000,00
314030	Hardanger og voss museum - Bilmuseum i Kvam		-50 000,00	-50 000,00
315000	udisponert 2015	1 095 076,00		1 095 076,00
315018	Trolltunga Climbing Senter - Cyanamiden klatresent		-75 000,00	-75 000,00
315035	Reisemål Hardangerfjord - sjøaure Hardanger Forpro		-25 000,00	-25 000,00
316000	udisponert 2016	529 388,00	-16 824,00	512 564,00
316055	Hydrogencase Hardangerkonferansen 2016	20 000,00	-35 000,00	-15 000,00
317016	Odda"		-50 000,00	-50 000,00
Totalsum		1 719 464,00	-3 024 121,36	-1 304 657,36

Sum negativ saldo	-2 987 297,36
Sum positiv saldo	1 682 640,00
Netto saldo	-1 304 657,36

1) Sum udisponert	224 157
Sum disponert (ikkje utbetalt)	1 080 500,00
Sum	1 304 657



Møtedato 22.03.2018	Saksansvarleg Jostein Eitrheim
---------------------	--------------------------------

HR-sak 12/18 Hardangerrådet frå 2020 – Mandat for oppstart av fase 2 Drøfting

Saksvedlegg:

Saksutgreiing:

Rapport vedr. «Hardangerrådet etter 2020» var tema i Hardingtinget 15.02.2018. Etter at denne rapporten no er sendt alle Hardangerkommunane og Voss kommune er kommunane bedne om seinast 30.06.2018 å gjera vedtak om å tilrå eller ikkje tilrå at prosessen går vidare til fase 2 med utarbeiding av ny selskapsavtale der Voss herad vert del av det nye regionale samarbeidet i Hardanger og Voss. For å få avklart korleis denne handsaminga bør skje har administrasjonen kontakta KS-Bedrift og fått slikt svar på dette spørsmålet:

I arbeidsgruppens rapport blir de syv kommunene som i dag eier Hardangerrådet IKS, og Voss kommune, oppfordret til å behandle rapporten i de respektive kommunestyrene innen 30.06.18, og på grunnlag av den treffe vedtak om veien videre. Det synes på denne bakgrunn forholdsvis klart at det er forventet kommunestyrevedtak på spørsmålet om man skal arbeide for at (nye) Voss kommune skal innlemmes i selskapet.

Det er for så vidt ikke noe rettslig i veien for at kommunestyrene i de fem kommunene som er i sammenslåingsprosess (hhv. Jondal, Odda og Ullensvang kommuner, og Granvin og Voss kommuner) kan bestemme at spørsmålet om utvidelse av selskapet skal overlates til fellesnemnda å ta stilling til. Det bør i så fall fremgå av kommunestyrevedtakene at fellesnemnda får fullmakt til å avgjøre dette spørsmålet. En forankring via vedtak i kommunestyrene selv er kanskje likevel mest fornuftig.

Vidare har administrasjonen bede KS-Bedrift å vurderer om ein evt. ny selskapsavtale skal handsamast på same måte og fått slikt svar på dette:

Hvis det blir endringer på eiersiden i Hardangerrådet IKS slik at selskapet utvides, må også selskapsavtalen endres. Ideelt sett burde den nye selskapsavtalen være vedtatt og på plass senest innen kommunesammenslåingene trer i kraft 1. januar 2020 og nye kommuner er formelt etablert (med nytt org. nummer osv.). Dette for å unngå en periode der gjeldende selskapsavtale ikke gjenspeiler de reelle (og nye) eier- og ansvarsforholdene. I praksis er det likevel neppe noe problem at den gamle selskapsavtalen formelt sett gjelder frem til ny selskapsavtale vedtas av de to nye kommunene Ullensvang og Voss i deres første kommunestyremøter i 2020.

Administrasjonen har også bede KS-Bedrift om å gje ei vurdering av kva ein vil sjå som eit "breitt nok" mandat til å gå vidare til fase 2. På dette spørsmålet har KS-Bedrift gjeve slikt svar:

Hvordan man skal gå vidare i fase 2 med dialog og forhandlinger om Voss kommune som mulig fremtidig eier i IKS-et, er i første omgang mer et politisk enn et rettslig spørsmål. Erfaringsmessig er det helt sentralt for å få til et godt, langvarig og gjensidig forpliktende interkommunalt samarbeid at alle kommunene i hovedtrekk er enige om hvem som skal

delta, og om hovedstrategien og målet for selskapet. Dette gjelder nok uansett hvilken organisasjonsform man ønsker å bruke.

Det følger videre av IKS-loven § 4 andre ledd, jf. tredje og første ledd, at endringer i selskapsavtalen knyttet til angivelsen av deltakere (dvs. hvilke kommuner som skal delta) skal vedtas av kommunestyrene selv. Denne vedtaksmyndigheten kan altså ikke delegeres til fellesnemnda. Dette betyr også at én eller flere av dagens deltakere/kommuner formelt sett kan hindre opptak av en ny eierkommune ved å ikke godkjenne den nye selskapsavtalen. Å legge opp til en utvidelse av IKS-et uten at alle dagens eierkommuner er enige om dette på forhånd, kan på den bakgrunn være en risikabel vei å gå, og anbefales nok ikke.

Vi legger til grunn at opptak av ny eier forutsetter gode forberedelser og politisk enighet blant dagens eiere.

Saksvurdering:

Som det går fram av tilrådingane frå advokatfullmektig i KS-bedrift er det opp til kommunane som er i samanslåingsprosess om dei vil handsama denne saka i kommunestyre eller fellesnemnd.

Ei godkjenning av ny selskapsavtale må derimot godkjennast i samtlege eigarkommunar om ny selskapsavtale skal vera gyldig.

Regionrådet vert oppmoda om å drøfta kva samla resultat frå handsaming i kommunane som må liggja føre for at ein skal gå vidare til fase 2 i prosessen og startar arbeidet med utarbeiding av ny selskapsavtale for regionråd som inkluderer Voss herad.

Framlegg til vedtak:

Saka vert lagt fram utan framlegg til vedtak.